



Arkivnr: 2017/4682-1

Saksbehandlar: Kari Patricia Kleppe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

## Unike regionale utviklingsprosjekt - investeringstilskott til regional utvikling 2017-2018

### Samandrag

Støtta skal gå til prosjekt som medverkar til å skapa gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn – lokalt som regionalt. Midlane skal nyttast til regionale prosjekt der målet er å skapa noko unikt for heile eller deler av fylket. Midlane skal primært gå til investeringsføremål og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretisert. Grunna stor etterspurnad vert midlane lyst ut for to år og no for 2017-2018.

Ordninga for Unike regionale utviklingsprosjekt har vore lyst ut breidt i aviser i Hordaland frå juni og sendt til alle kommunane med 10 vekers frist. Søknadane har vore vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fageiningane i administrasjonen.

Av 13 søkjarar er det 10 prosjekt som vart godkjende til å søkja under ordninga. Tre av søkjarane fall utanfor ordninga og er vist til og handsama gjennom andre støtteordningar. Ein av søkjarane trakk tilbake søknaden. Beløp som er til fordeling er kr.10,87 mill. og det totale beløpet det blir søkt om er kr. 21 969 250.

### Forslag til innstilling

1. Følgjande får tilskot som strategisk viktige prosjekt for regional utvikling for 2017 – 2018

#### Prosjekt:

Nye Hangursbane Hovudprosjekt, byggjetrinn 2.

Lindehuset, finansiering av takprosjekt, byggjetrinn 1.

Voss Aktivitetspark, byggjetrinn 2.

Nothengjo på Hellesøy – restaurert landemerke i Øygarden, byggjetrinn 2.

Hardangerbadet

Sunde Kyst- og Litteratursenter, byggjetrinn 2.

Etablering av Norsk Natursenter - Hardanger

#### Beløp

kr. 1,4 mill.

kr. 0,538 mill.

kr. 1,0 mill.

kr. 2, 035 mill.

kr. 1,5 mill.

kr. 2,8 mill.

kr. 1, 6 mill

2. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjekta vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.06.2017

### Bakgrunn

Tidlegare, frå 2003 til utdelinga for 2013 var midlane direkte knytt til konsesjonskraft og kalla «Bruk av konsesjonskraftmidlar til regionale utviklingstiltak».

Fylkeskommunen har sidan 2013, med nye vilkår hatt tilskotsordning «Midlar til regionale utviklingstiltak». Ei populær ordning då den går til investeringsføremål.

Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket. Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn - lokalt som regionalt. Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

### Midlar for 2017 og 2018 vert lyst ut saman og utgjer om lag 10,87 mill. kr, med atterhald om uendra ramme i 2018. Grunna stor etterspurnad vert midlane fordelt for to år.

Ramma for 2017 er 9,435 mill. kr. til Regionale utviklingsprosjekt under budsjett Regional Utvikling – 2017, Regionsenter- og Lokalsamfunnsutvikling. Av dette er 4 mill. kr. disponert til turistvegprosjektet «Fossar i Hardanger» (4mill. kr. pr år i 10 år frå 2012) I budsjettet står det at midlar for 2017 og 2018 vert lyst ut i 2017.

### Tidlegare tildeling

Tidlinga for 2015-2016 var på 10,5 mill. kr. og Fylkesutvalet prioriterte fylgjande prosjekt som strategisk viktige for regional utvikling:

Prosjekt:	Beløp:
Følgefonnsenteret, Kvinnherad	kr 2,5 mill.
Sunde Kyst- og Litteratursenter, Kvinnherad	kr 2,44 mill.
Hardanger Natursenter, Eidfjord	kr 0,5 mill.
Moster Amfi, Bømlo	kr 1,0 mill.
Den nye Hangursbanen, Voss	kr 1,5 mill.
Nothengjo på Hellesøy, Øygarden	kr 2,0 mill.
0-meter over havet – overnattingskabiner for padlarar, Fjell	kr 0,3 mill.
Hedleberget, Voss	kr 0,26 mill.

[Sjå vedlegg med oversikt over tildeling 2007 – 2017.](#)

### Kriterier for tildeling av midlar 2017-2018

Midlar til regionale utviklingsprosjekt har vore lyst ut bredt i aviser i Hordaland frå april. Utløysinga er også sendt til alle kommunane med 10 vekers frist. Søknadane har vore bredt vurdert av ei gruppe samansett frå dei aktuelle fagavdelingane i administrasjonen. Tildelingane er vurdert å ikkje vera i strid med EØS-regelverket om statstøtte.

### I samband med utlysinga vart fylgjande kriterier satt:

#### **Kven kan søkje**

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt. Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

#### **Kva kan støttast**

Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen. Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader. Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

#### **Krav til søknaden**

Søklar må grunngje kvifor prosjektet er strategisk viktig for regionens utvikling og forventta regionale ringverknader. Ein prioriterer prosjekt som er klar for realisering med ferdig forprosjekt. Alternativt må

planlegging av prosjekta vere avslutta seinast i løpet 2017 og ha oppstart i 2018. Det må synleggjerast at prosjekta er så modne at dette er realistisk. Det vert stilt krav til realismen i prosjekta og til framdriftsplanane. Prosjekta må dokumentera finansieringsplan. Om dette ikkje er på plass ved innsending av søknaden, ber vi om at dette vert ettersendt så snart som råd og før søknaden vert handsama. Detaljert budsjett og finansieringsplan med oppsett over prosjektering, utbygging og totalt. Finansiering dokumenterast ved kopi av vedtak eller tilsegn. Aktørar som støttar søknaden dokumenterast ved eventuelle vedtak, støtteerklæring o.l.. Tilhøve til offentlege planar og naudsynt løyve/ konsesjonar o.l., anna relevant informasjon, eventuelt link til nettside. Vedlegg kan lastast opp i forbindelse med innsending av søknad i regionalforvaltning.no.

#### Oversikt over søknader 2017 -2018

Prosjektnavn	Søkar	Totalkostnad byggjetrinn	Søkt beløp	Forslag til tildeling
Den nye Hangursbanen. Byggjetrinn 2	Voss Resort AS	46 500 000	6 000 000	1 400 000
Lindehuset, finansiering av takprosjekt. Byggjetrinn 1	Odda kommune	14 000 000	538 000	538 000
Voss Aktivitetspark. Byggjetrinn 2	Voss Aktivitetspark	3 000 000	2 000 000	1 000 000
Nothengjo på Hellesøy. Byggjetrinn 2	Hengjos Venner	3 917 500	2 801 250	2 032 000
Hardangerbadet	Kvam herad	93 950 000	3 000 000	1 500 000
Sunde Kyst- og Litteratursenter. Byggjetrinn 2	Sunde Kyst- og Litteratursenter	5 676 500	3 000 000	2 800 000
Etablering av Norsk Natursenter-Hardanger	Eidfjord kommune	25 000 000	1 600 000	1 600 000
Voss Hestesportsenter	Voss Tråvlag	5 400 000	1 000 000	0
Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaaluren-samlinga	Kvinnherad kommune	7 620 000	2 030 000	0
Totalsum søknader			21 969 250	
Totalsum til fordeling				10 870 000

Tre av søkjarane fall utanfor ordninga og er vist til og handsama gjennom HNH og andre støtteordningar. Ein av søkjarane trakk tilbake søknaden.

#### Til orientering

##### Orientering om søkjarar som fell utanfor ordninga og som vert handsama i høve til annan finansiering.

Prosjektnavn	Søkar
Bjørnefjorden Gründerpark	Os kommune
Turismesatsing Os kommune	Os kommune
Borgafjellet taubane	Os kommune

##### Orientering om søkjar som har trekt søknaden

Prosjektnavn	Søkar
Sjøfronttunnelen – Det nye innovative knutepunktet som bind Straume Sjøfront saman med Sotra Kystby	Fjell kommune

#### Kommunane si holdning til eigne søkte prosjekt og deira uttalte prioriteringar til søknader frå organisasjonar og institusjonar er lagt til grunn for alle prosjekta.

Av ni søkjarar er det her to kommunar, Voss og Kvinnherad som har fleire søkjarar og har prioritert mellom desse.

Fem av dei ni søkjarane er søkjarar som er løyvd midlar gjennom ordninga i 2015 – 2016 og som no søker byggjetrinn 2 eller ferdigstilling.

Søkjarane Sunde- Kyst og Litteratursenter og Hengjos Venner er forankra i LivOGLyst-program. Dette er partnerskapen ved Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland

sitt program for brei lokalsamfunnsutvikling. Innbyggerane med støtte frå kommunane, mobiliserer bredt for engasjement og utvikling.

#### **Fylkesrådmannen si samla vurdering**

Dei prosjekta som ein rår til å støtta, er alle gode unike prosjekt som er klare for realisering og som vil bidra til utvikling i Hordaland gjennom å skapa attraktive og konkurransedyktige samfunn. Prosjekta er bredt lokalt forankra og jobba fram gjennom mange år. Dei vil alle ha ringverknadar for sine regionar i utvikling av reiseliv, kunnskap og næring. Dei innstilte sju prosjekta er geografisk fordelt mellom seks kommunar; Voss kommune, Øygarden kommune, Kvinnherad kommune, Odda kommune, Kvam herad og Eidfjord kommune. Prosjekt der midlane har ei stor og utløysande effekt er prioriterte.

#### **Dei einskilde søknadar med fylkesrådmannen sine vurderingar**

##### **Nye Hangursbane Hovudprosjekt. Byggetrinn 2**

Voss Resort AS utviklar ny Hangursbane som ein integrert del av det nye kollektivknutepunktet på Voss jernbanestasjon. Den nye Hangursbanen vil med ny design og teknologi ivareta tradisjonen med gondol som symbol for Voss. Dei omfattande planane for kollektivknutepunktet er satt i samanheng med fortetting og utvikling av sentrum og berekraftig utvikling av Voss. Planprosessen er eit tett samarbeid mellom Voss kommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, NSB og ROM Eiendom. Voss Resort har inngått festeavtaler med ROM Eiendom for areala til gondol og hotell. Hordaland Fylkeskommune har tidlegare støtta prosjektet med eit tilskot på 1 500 000 til 1. byggetrinn som var tilrettelegging for fundamentering av gondolen. Søknaden gjeld 2. byggetrinn som er tilretteleggings- og grunnarbeid for fundament for toppstasjon og mastepunkt. Voss kommune har gitt dette prosjektet 1. prioritering av tre søknadar i kommunen.

##### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Tiltaket vil modernisere og styrke det omdømmet Voss og indre Hordaland har som eit heilårs reisemål, både nasjonalt og internasjonalt. Grunnlaget for å drive næring i regionsenteret Vangen vil bli styrka og det vil verte meir attraktivt å busette seg i sentrumsområdet. Tiltaket er unikt då det vil gjere fjellet tilgjengeleg for alle, med saumlaus bruk av kollektivtransport frå Oslo og Bergen og såleis vere eit viktig tiltak for folkehelsa. Grunnlag for støtte til nedre og øvre stasjon er at dei vert utforma med god arkitektur og design.

Fylkeskommunen syner til at prosjektet mottok 1,5 mill. frå ordninga i 2015 – 2016. Prosjektet har elles motteke stor offentleg finansiering som tilskot og lån (Innovasjon Norge, SkatteFUNN, mm.) Vi trur at innstilte midlar er tilstrekkelig støtte til at dette byggetrinnet vert realisert.

*Innstilling: 1,4 mill.*

##### **Lindehuset, finansiering av takprosjekt. Byggetrinn 1**

Lindehuset er eit av dei freda bygga som eiges av Odda kommune. Bygningen nyttast som teater og til andre kulturaktiviteter, men er ikkje isolert og i dårleg stand. Opprusting av bygget vil vere kostbart då antikvarisk korrekt restaurering er naudsynt. Målet for dette prosjektet er å sette i stand Lindehuset slik at det kan fungere som kulturhus gjennom heile året og dermed styrke Odda som regionsenter. Hordaland Fylkeskommune har tidlegare støtta prosjektet med 6,3 mill, inklusive 2,0 mill. frå denne ordninga som vart omdisponert frå Mågelibanen. Søknaden gjeld fullfinansiering av 1. byggetrinn som er istandsetting av tak og vinduer.

##### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Opprusting av Lindehuset er ein del av etterbruken av Smelteverkstomta. Hordaland Fylkeskommune har tidligare gjeve førebelt tilsegn til opprusting av Lindehuset som kulturhus og som regional kulturarena med 4,3 mill. til opprusting av taket. Syner til fylkesutvalssak PS 12/2017 i møte 26.01.2017 der ein vedtok omdisponering av 2,0 mill. frå Mågelibanen på bakgrunn av ny finansieringsplan frå søkjar. Dette har no realisert finansiering frå Riksantikvaren på 3,5 mill. og i tråd med planen er resterande finansiering omsøkte 0,538 mill. Med desse midlane er 1. byggetrinn av prosjektet fullfinansiert.

*Innstilling: 0,538 mill.*

### **Voss aktivitetspark. Byggjetrinn 2**

I Voss kommune sin reguleringsplan for strandareal langs Vangsvatnet (vedtatt i 2012) er det avsett plass til friområde/festivalområde, nærmiljøanlegg og idrettsfremål. Voss Freestyleklubb, Voss Brettlag, Voss mtb-klubb og Ekstremsportveko gjekk saman om å stifte foreininga «Voss Aktivitetspark» då dei ynskte å bidra til å utvikle området regulert til nærmiljøanlegg. Målet er å skape ein sentrumsnær aktivitetspark for lokalbefolkninga på Voss, samstundes som foreininga ynskjer å legge til rette for aktivitet som ikkje nødvendigvis fell innunder organisert idrett. Prosjektet er delt opp i tre byggjetrinn der 1. byggjetrinn er treningspark og vert ferdigstilt i 2017, 2. byggjetrinn er utfylling og vert her omsøkt med 1 mill., 3. byggjetrinn med amfi, rullestolsområde og skatebowl er omsøkt med 1 mill., men vil først ha oppstart i 2019 og har ikkje ferdig finansieringsplan. Voss kommune har gitt prosjektet 2. prioritet blant tre søkjarar frå kommunen.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Aktivitetsparken er eit viktig tiltak for lokalbefolkninga på Voss og kan bidra til å auke trivsel og aktivitet i regionsenteret. Målet for prosjektet er å skapa eit ikkje-organisert aktivitetstilbod som er tilgjengeleg for alle, på tvers av generasjonar, men spesielt for ungdom. Vi oppmodar prosjektet til å leggja meir tilrette for dei yngste borna.

Fylkeskommunen vert søkt om 2 mill. til byggjetrinn 2 og 3, med realisering i 2018 og 2019. Det er byggjetrinn 2 som vert realisert i 2018 og vert her fullfinansiert med 1 mill. av omsøkte midlar. I denne omgang gjeld utlysning av midlane for prosjekt som er klar for realisering i perioden 2017-2018. For byggjetrinn 3 syner ein til ny utlysning av midlar for 2019.

*Innstilling: 1 mill.*

### **Nothengjo på Hellesøy – restaurert landemerke i Øygarden. Byggjetrinn 2**

Nothengjo på Hellesøy med sin unike plassering er eit kulturminne for Øygarden kommune og eit landemerke ved innseglinga til Hellesøy hamn. Lokalbefolkninga ved «Hengjos venner» har i lengre tid arbeidd for at ein skulle ta i bruk Hengjo til det beste for bygda og kommunen. Øygarden kommune har fått Hengjo i gåve og har løyst ut grunneigarar slik at stiftinga Kystmuseet i Øygarden/Museum Vest kan eiga og disponera bygget. Museet har inngått avtale med Hengjos venner om utvikling og drift av kulturminne. Hengjo på Hellesøy er den siste nothengjo i Øygarden. Ferdig utvikla vil Hengjo vera eit kulturbygg og attraktivt aktivitetssenter samstundes som det med si særreigne historiske utforming og plassering vil vera eit unikt landemerke for regionen. Totalkostnad for prosjektet er omlag 6,9 mill. Tidlegare motteke offentleg finansiering har vore 2 mill. frå Regionale utviklingsprosjekt til 1. byggjetrinn som var dekke, kaifront og skallsikring. Ein søker no om 2,8 mill. til byggjetrinn 2 som gjeld innreieing og tilkomst og har ein totalkostnad på 3,917 mill.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Hengjo er ei nothengje frå 50-talet som er eineståande i størrelse og utforming. Kystmuseet i Øygarden representerer eit regionalt senter for historia og kystkulturen i området. Hengjo er ein del av dette senteret og med stor eigen verdi. Restaurering og innvendig utvikling vil gje moglegheit til å skapa infrastruktur for aktiviteter lokalt som sosial møteplass knytt til kulturformål og reiseliv. Ved restaurering av Hengjo vil Hellesøy betre kunne utvikla og nytte sitt potensiale som utfartsstad for Bergen og regionen. Hengjo er eit sentralt kulturminne og restaurering bør sikra eit mest mogleg autentisk eksteriør. Tilkost og universell utforming bør i størst mogleg grad løysast innanfor bygningskroppen.

*Innstilling: 2,032 mill.*

### **Hardangerbadet**

I 10 år har det vore arbeidd med å få realisert eit nytt integrert bade-, helse-, trenings- og velværesenter, Hardangerbadet (HB), i tilknytning til Hardangerfjord Hotell (HH) i Øystese. Hardangerbadet skal omfatte tre integrerte hovudanlegg (symje/badeanlegg, komplementær aktivitet og legesenter) med ulike eigarar: Symje-/badeanlegg der 2/3 er eigd av Hardangerbadet KF (Kvam herad og eventuelle nabokommunar) der komplementære aktivitetar utgjer 1/3 og er eigd av Hardangerbadet AS. ANS Helsebanken er eigar av legesenteret. Det vil verta utarbeidd avtalar mellom dei ulike partane for å sikra ei best mogleg drift av senteret. Søkjar her er Kvam herad for Hardangerbadet KF som gjeld symje-/badeanlegget og ikkje den kommersielle delen.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Hardangerbadet er ei planlagd samlokalisering av helsetenester med eit bade-, trenings- og velværesenter med moglege synergieffekter både for kommunale oppgåver og kommersielle tenester innan helse og idrett samt hotell og reiseliv. Lokalbefolkninga vil kunne få eit tilbod som er positivt for trivsel og folkehelse og som kan skape kompetansearbeidsplassar. Det er viktig for eit så omfangsrikt nybygg i eit eksisterande bygdesentrum sitt miljø at arkitektur, fellesareal, tilgang til strandsone for ålmenta vert positivt utvikla.

Fylkeskommunen har støtta prosjektet med 5,2 mill. i Kompensasjonsmidlar i perioden 2015 – 2017. Prosjektet søkte ved tildelinga av Regionale utviklingsmidlar i 2015 men fekk avslag grunna manglande dokumentasjon på fullfinansiering. Ein ser at prosjektet no er klart for realisering med byggjestrart november 2017. Fylkeskommunen har ved fleire høve gjeve innspel til planarbeid for dette aktuelle område og ein viser til desse og oppmodar om at dette prosjektet bidreg til å styrka sentrumsutviklinga i Øystese kvalitativt.

*Innstilling: 1,5 mill.*

**Sunde Kyst- og Litteratursenter. Byggjestrinn 2**

Sunde Kyst- og Litteratursenter er eit unikt regionalt senter for kystkultur og Sunnhordlandslitteraturen.

Kvinnherad kommune har kjøpt den gamle vervplassen Bergslagen for at Stiftinga Sunde Kyst- og Litteratursenter skal kunne utvikla og drifte senteret. Hovudbygningen ved Bergslagen, med verkstad og tidlegare bustad, treng gjennomgå oppgradering og ombygging for å verta ein meir tenleg stad for eksisterande og nye arrangement og aktivitetar rundt kystkultur og litteratur.

Tidlegare mottatt offentleg støtte er 2,44 mill. frå Regionale utviklingstiltak i 2015-2016 til 1. byggjestrinn som var fundament og skallsikring. Ein søker no om 3 mill. til byggjestrinn 2 som gjeld innredning og slutføring av opprusting av hovudhuset. Søknaden byggjer på forprosjekt delfinansiert gjennom Kulturelt Utviklingsprogram (KUP) frå Hordaland Fylkeskommune. Som 3. byggjestrinn skisserer forprosjektet eit nybygg for boksamling med studieplassar.

Kvinnherad kommune har gitt dette prosjektet 1. prioritet blant to søkjarar frå kommunen.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Sunnhordlandslitteraturen er ein særegen og sentral del av den norske litteraturen. Strandstaden Sunde blei i Kulturminneåret 1997 kåra til kulturminne i Kvinnherad. I tillegg til båtbyggjarverksemd fekk det i 1866 landets fyrste hermetikkindustri. Dette historiske, godt bevarte miljøet ligg like ved regionsenteret Husnes, eit industrisamfunn etablert på 70-talet. Sunde Kyst- og Litteratursenter tilfører Husnes-samfunnet historisk og kulturell forankring gjennom dei kystkulturelle tradisjonane og litteraturen. Prosjektet er lokalt forankra med regional og nasjonal verdi.

*Innstilling: 2,8 mill.*

**Etablering av Norsk Natursenter - Hardanger**

Eidfjord kommune søker om tilskot til etablering av «Norsk Natursenter» - opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø og Nasjonalparksenter for Hardangervidda. Det er Hardangervidda Natursenter i Eidfjord etablert i 1995, 100 prosent kommunal eigd selskap, som skal endra namn og innhald frå 1. april 2018. Med mellom 55 - 60 000 årleg besøkjande er senteret den mest besøkte menneskeskapte attraksjonen i distriktet. Formålet med senteret er å spreie kunnskap om samspelet i naturen, og relasjonane mellom natur og menneskeleg verksemd. No ynskjer ein å revitalisera senterets innhald og å skapa eit meir moderne og tidsriktig informasjonssenter. Nye attraksjonar i senteret fokuserer mellom anna på biletkunstens betyding for menneskets forståing av naturen.

**Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Hardangervidda Natursenter Eidfjord har vore ein sentral attraksjon for reiselivet i Hardangerregionen og ein nasjonal kunnskapsformidlar av norsk natur-arv. Senteret oppfyller krava som Hordaland Fylkeskommune stiller for regionale utviklingsprosjekt. Prosjektet er strategisk viktig for regionens utvikling med regionale ringverknader for næringslivet og reiselivet spesielt.

Prosjektet har ein kostnadsramme på 25. mill. Prosjektet vart tildelt 0,5 mill. frå Regionale Utviklingsmidlar i 2015 – 2016, har fått 4,0 mill. frå Miljødirektoratet. Kommunens innsats og ambisjonar for utstillinga er stor og dei stillar med ein betydeleg kommunal eigenfinansiering. Med tilsegn på det omsøkte beløpet vil prosjektet vere fullfinansiert.

*Innstilling: 1,6 mill.*

#### **Utvikling av Voss Hestesportsenter som regionsenter for hestesport**

Voss Tråvlag søker om midlar til bygging av eit regionalt hestesportsenter på Kyte, Voss. I 1998 vart travbanen på Tvildemoen omregulert til næringsområde og sidan har hestemiljøet på Voss arbeidd for å få på plass ein ny travbane. Målet er å få opp ein samlingsplass for hestesportmiljøet på Voss og omland. Voss Hestesportsenter vil innehalde travbane i 1. byggjetrinn, utstillingsområde og stallar i 2. byggjetrinn og ridehall i 3. byggjetrinn. No er tomt og prosjektering for fyrste byggjetrinn på plass for eit område på Kyte, og kommunen skal dekke ei årleg leige til grunneigarar.

Søknaden gjeld travbane i 1. byggjetrinn og ein arbeidar for fullfinansiering og stifting av Voss Hestesportsenter AS. Voss kommune har gitt dette prosjektet 3. prioritet blant tre søkjarar frå kommunen.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Målet med Voss Hestesportsenter er å skape ein tilhaldsstad for eit bredt hestesportsmiljø i kommunen og regionen. I tillegg ynskjer ein at området nyttast til andre arrangement og syner òg til dialog med Nye Voss Vidaregåande skule som har eit stort behov for ein travbane i nærleiken til undervisning på hestelinja. Regionale utviklingsmidlar skal prioritera prosjekt som er klar for realisering med ferdig forprosjekt. Mangelfullt forprosjekt og fullfinansiering syner at prosjektet ikkje er klart for gjennomføring. Tilrettelagt bruk og samarbeid med andre miljø utover hestesport er ikkje dokumentert. Fylkeskommunen vurderer Voss Hestesportsenter til å ikkje nå opp som eit unikt nok og sentralt utviklingsprosjekt for regionen eller i konkurranse med dei andre søkjarane for ordninga.

*Innstilling: Avslag*

#### **Søknad om stønad til Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga**

Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga ligg i kaiområdet i Rosendal sentrum, lokalisert i ei autentisk sjøbod og i nærleiken til det nye Folgefonnsenteret. Samlinga vart bygd opp av frivillige krefter og gitt som gåve til Kvinnherad kommune i 1991. Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga er i kommunal eige og drift. Det er ikkje ein del av det konsoliderte Sunnhordaland museum, men dei har eit museumsfagleg samarbeid og dei er sentrale i utviklinga av ny organisering for profesjonell drift. Utstilling av samlinga framstår i dag som utdatert og kommunen ynskjer å løfte samlinga til å bli eit attraktivt besøksmål. Etablering og driftssamarbeid med Folgefonnsenteret opnar moglegheitene for Kvinnherad kommune til eit heilt ny satsing på Skaalurensamlinga, der moglegheit for auka tilgjengelegheit og opningstider er ein viktig del. Dette forutset ei utstilling som er meir driftseffektiv. Kvinnherad kommune har vurdert dette prosjektet som 2. prioritet blant to søkjarar frå kommunen.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Kvinnherad er kanskje den viktigaste kommunen som tidleg satsa på skipsbygging. Det er difor viktig med ei samling som er kompakt, tydeleg, lett å formidle og viktig for forvaltning av maritim historie i regionen. Søknaden nådde ikkje opp i konkurransen om regionale utviklingsmidlar då forprosjektet ikkje synleggjer organisering av drift og eventuelle forpliktande samarbeid med andre institusjonar. Kommunal finansiering er planlagt til 2019 og ein oppmodar kommunen til å søkje regionale utviklingsmidlar igjen ved neste tildeling 2019-2020.

*Innstilling: Avslag*